Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 72 Fylke: Telem.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Seljord x)

Emne: Skav Bygdelag:

Oppskr. av: Aanund Hardang Gard: Haugeberg

(adresse): Ytre Hjartdal G.nr. 52 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eige röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Hjelpefor som skav og bit vert ikkje brúka lenger no. Men då eg var liten heime i Aamotsdal frå omkring 1890-1900 vart det nok brúka slikt som skav og bit.

3 Skava, skjev, skov; skave

4 Før brúka dei nok slikt før her i bygdi som i dei fleste andre fjellbygder, men no er det som nemnt slutt med å bruke det her.

5 Ein brúka bjørkebork og raun, og ost. Raun vart halde aller best. Mor mi hadde kome frå Rauland (f. 1836) og fortalde derifrå at dei helt raunbark som gjev. Raunelog var sers godt for kalvar, sa ho. Dei blei so blanke og fine i håri.
Her i Hj. dal vart og raunelog halde for å vera godt for kalvane.

6 Nei. Truleg hadde mor mi kunna hatt kjennskap til dette emnet.

x) Dette gjeld helst Seljord herad.

5773

8 Vanleg var det vel helst kyrne og geitene
Skav vart nok berre bruka om vinteren, og serleg
på vårparten for å spara på høyet.
Dette foret fekk nok dyri for seg sjølv.
Ore bork såg eg aldri vart bruka til fôr.

9 Kyrne mjølka mir når dei fekk godt med
skav ved sida av høy.

10 Ein sytte nok for å få hemn tre til skaving.
Serleg var det i bruk å ha slik ved i tunet
der ein hadde geit, dei var svært glade etter å
få gnaga bark. Eg hugsar medan eg var
liten eg flette never av vedbjørkene i biete-
kosten so geitene kunne gnaga borken.

11 I bjørkskog 12 Skav-ved

13 Kan eg ikkje ~~svara~~ på. 14 Noko slikt kjende eg
ikkje til hjå oss.

15 Ein heldt seg vel helst i vedskjulet, men var
det kaldt bruka ein å skava inne i stova

16 Til å skava med bruka ein på den tid
berre tollekniv. Eg hugsar ein gamal mann
laga seg eit reidskap av ein ljå som han sette
skaft i båe endar, altso handtak i ender-
dane. Tynsleljå var ikkje i bruk
Me kjende ikkje til noko av det som blir spurt
om i 17. Ordet skavkol kjenner eg ikkje

20 Veden ein skjer kalla dei skav-ved
21 Ein hadde ikkje noko sers namn på borken
ein skav.
22 Ein skav baade tunne kjeppar og ved av store
tre etter som det falt. Lengda var då so ymis. 5773

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

23 Veden ein hadde skave hadde dei ikkje noko anna namn enn skavved. Alle dei andre namni som er nemnde er ukjende på desse kantar; men truleg kan dei hava haft slike namn lenger attende.

24 Det var inga visse reglar for korleis skavet skulle vera. Ein skod inn mot veden. Her på desse kantar er det so lenge sidan skav vart bruka og sumt like på slutten at det var aldri spursmål om kven som var flink til det slags arbeid

25 Vart veden liggjande til framover ~~sumaren~~ og hausten vart han nok bruka til bakstevod. Etter 1900 har det ikkje vore bruka skav.

Dette gjeld for Åmotsdal og dei övre lutir av Seljord. Det kan nok seias her for Hjartdal og.

5773

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING